

SETESDAL REGIONRÅD ÅRSMELDING 2008

Til deg som har interesse av å vite kva vi gjer,
og er oppteken av å vere med å utvikle dalen

Gjestfri for nye tankar!

08



INNHALD

1	Styreleiaren har ordet	s 3
2	Årsmelding	s 4
3	Godkjenning – årsmelding	s 5
4	Styret	s 6
5	Organisering – samarbeidsstruktur	s 9
6	Aktuelle saker anno 2008	s 12
7	Næringsutvikling	s 21
8	Differensiert arbeidsgjevaravgift	s 22
9	Fokusområde: Reiseliv	s 23
10	Fokusområde: Landbruk	s 24
11	Balanserekneskap	s 26
12	Driftsrekneskap	s 28
13	Revisjonsberetning	s 29
14	Regionalt næringsfond	s 30
15	Kontorarbeid og kapasitet	s 33
16	Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar	s 33



1

STYRELEIAREN HAR ORDET

INFRASTRUKTUR OG TYDINGA AV SAMHANDLING

Riksveg 9 har vore eit sentralt tema for regionrådet gjennom året. Det gav fleire gledelege merkedagar, m.a. med opninga av vegstrekninga Ose-Tveit. Vi gler oss også over at langvarig påverknadsarbeid no resulterer i gjennomslag for å få vidare utbygging inn att i sentrale dokument, at vi fekk utløyising av krisepakkemillionar frå regjeringa (på nyåret 09), og ikkje minst at vidare utbygging Tveit-Langeid og er sikra gjennom statsbudsjett og inkludert i ny nasjonal transportplan / St.meld. nr. 16 (2008-2009). På den andre sida vart det og ei prøve på kor sterkt samarbeidet er og kva det toler av lokal politikk i høve til regionale omsyn då vi drøfta bomplassering og utvida bompengeinnkrevjing i sør.

NYE TEMA OG PRØVESTEINAR FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Gjennom fleire år har setesdalskommunane stått i brodden for å etablere NAV-kontor og utvikle eit konsept som er tilpassa storleiken på kommunane, trongen for robuste fagmiljø og ikkje minst nærleik til brukarane. Etter fleire fasar av forprosjekt og avklåringsrundar med NAV stat og Iveland fall dei siste brikkene på plass i 2008. Formell opning av NAV-kontora gjekk føre seg i veke 2 i 2009. Det er tvillaust at Setesdal nådde fram og kom til betre løysingar både for dei einskilde kommunane – og for regionen samla sett – gjennom at vi stod saman i tingingane for partnerskapet.

I 2008 vart det og lagt godt grunnlag for å etablere felles barnevern i 2009.

Innanfor interkommunalt samarbeid må og nemnast Overordna strategisk samarbeidsutval ved Sørlandet sjukehus SF. Ein engasjert kommunelækjar, Michael Vester, inspirerte til at regionens samla engasjement for å vere med å forme morgondagens helsestell no er vel kjent. Det er skapt forventingar til konkrete tiltak og pilotprosjekt der utfordringane for småkommunane blir tema for tilpassa modellar som både sikrar kvalitet og kompetanse i regionen.

NÆRINGSUTVIKLING – PULS OG FUNDAMENT FOR BUSETJING

Styret har elles vore opptekne av næringsutvikling og har hatt mange nærings saker på bordet gjennom året. I 2008 har ein sett konturane av fleire nye typar av etableringar. Ikkje minst har fleire kvinner etablert eigne verksemdar i Setesdal. Eg nyttar høvet til å applaudere både initiativet i privat næringsliv og ønskje dei nye velkomne som deltakarar her.

ØKONOMISKE RESSURSAR SOM INCITAMENT OG UTGANGSPUNKT FOR NY STRATEGIUTVIKLING

Til slutt er det naturleg å streke under kor viktig konsesjonskraftavtala som Aust-Agder fylkeskommune og setesdalskommunane vart samde om i 2008 er. Den avtalen vil sikre at det er romsame rammer til å underbygge regional utvikling, anten det gjeld infrastruktur, interkommunalt samarbeid eller næringsutvikling – og kan hende kompetanseutvikling. Vi ser føre oss at tema som landbruk og reiseliv som ein har sett fokus på i 2008 vil bli konkretiserte med det første.

No er vi i startfasen for å forme ein eigen utviklingsplan for Setesdal, der vi skal definere mål og strategiar for verksemda i regionrådet og gå opp grensene mellom kommunar og andre deltakarar. Vi må heile tida sjå til at vi samhandlar og får mest mogleg effekt ut av dei offentlege kronene, og at det blir ei rimeleg og god fordeling som kjem heile dalen til gode i framtida.

Kay A. Jeiskelid

STYRELEIAR

2

ÅRSMELDING

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2008.

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes.

Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Verksemda har tre strategiske satsingsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd – vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet gjennom kommunestyrevedtak våren 2007.

FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld.

Styret konstaterer at drifta for 2009 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving til Regionalt næringsfond.

ARBEIDSMILJØ – YTRE MILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og naudsynt utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2008.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapan for 2008.

Rekneskapan er ført i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS.

Styret meiner at årsrekneskapan gir eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapan for 2008.

Ein opplyser at:

- Rekneskapan syner eit overskot på kr. 84.865,81 for driftsåret 2008.
- Bokført overskot vert tilrådd overført til bruk i 2009.
- Prosjekt og tiltak med finansiering frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift blir førde med separate prosjektrekneskap slik at dei ikkje verkar inn i driftsrekneskapan til regionrådet.

Som vedlegg følgjer:

- Budsjettkontroll, drift 2008
- Budsjettkontroll, drift og prosjekt 2008
- Driftsrekneskap
- Samandrag balanse
- Generelle noter
- Notar til rekneskapan
- Revisjonsberetning

MÅLOPPNÅING – HANDLINGSPLAN 2008

Ved inngangen til året hadde styret desse prioriterte gjeremåla for året:

1. Styrking av regionalt næringsfond
2. Greie ut eventuelt interkommunalt samarbeid for overordna planlegging (areal- samfunnstema)
3. Riksveg 9 – sikre vidare utbygging, planlegging og finansiering
4. Vidareutvikle interkommunalt samarbeid innanfor IKT-relaterte tenesteområde.
5. Rekruttering, kompetanseplanlegging – desentralisert utdanning (lærer og sjukepleiar prioritert)
6. Gjere noko for å tryggje og vidareutvikle landbruk og nisjenæringar
7. Reiseliv – rolleavklåring, strategiutvikling, regionale samhandlingstiltak, marknadsføring
8. Næringshage – klyngeutvikling – bransjeretta tiltak over kommunegrensene
9. Auka attraksjonskraft gjennom positiv synleggjering
10. Styrking av reiselivsmessig infrastruktur

Styret vurderer eige arbeid til å vere i godt samsvar med ambisjonane. Verksemda har hatt fokus på dei fleste utpeika områda, sjølv om ein ikkje enno ser endeleg resultat av alle. Ein legg og til grunn at det gjennom året har kome opp andre tema og utfordringar som ein har prioritert å følgje opp. Fleksibilitet i høve til dagsorden og samfunnsdebatt er styrken til regionrådet.

3

GODKJENNING – ÅRSMELDING

Utkast til årsmelding og førebels rekneskap vart handsama i styresak 45/09, 7. mai 09.

I styremøte 17. juni 09 og representantskapsmøte 18. juni 09 vart:

Årsmeldinga godkjent i styresak 58/09 – teke til orientering i representantskapsmøte sak 04/09.

Årsrekneskapsplan tilrådd godkjent av styret sak 62/09 – godkjent av representantskapsmøte sak 05/09.

Disponering av årsoverskot – tilråding frå styret sak 63/09 – godkjent av representantskapsmøte sak 06/09.

4

STYRET



Kay Jeiskelid

Kay A. Jeiskelid

ORDFØRAR BYKLE KOMMUNE



Anne Ellen Senum

Anne E. Senum

VARAORDFØRAR BYKLE KOMMUNE



Bjørgulv S. Lund

Bjørgulv Sverdrup Lund

ORDFØRAR VALLE KOMMUNE



Olav K. Hovet

Olav K. Hovet

FORMANNSKAPSMEDLEM



Knut A. Austad

Knut A. Austad

ORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE



Eli T. Moe

Eli Tomine Moe

VARAORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE



Bjørn A. Ropstad

Bjørn A. Ropstad

ORDFØRAR EVJE OG HORNNES KOMMUNE



Nils G. Østerhus

Nils G. Østerhus

VARAORDFØRAR EVJE OG HORNNES KOMMUNE

OBSERVATØRAR



Laila Øygarden

FYLKESORDFØRAR



Arild Eielsen

FYLKESRÅDMANN



Tallak Hoslemo

RÅDMANN BYKLE KOMMUNE



Arne Tronsen

RÅDMANN VALLE KOMMUNE



Andreas Vebostad

RÅDMANN BYGLAND KOMMUNE



Jens Arild Johannessen

RÅDMANN EVJE OG HORNNES KOMMUNE



Signe Sollien Haugå

DAGLEG LEIAR



Ingunn Kile

RÅDGJEVAR / MEDARBEIDAR



5

ORGANISERING – SAMARBEIDSSTRUKTURAR

REPRESENTANTSKAP

Formannskapet i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for regionrådet. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

Ordførar Knut A. Austad er vald til leiar i representantskapet for 2008/2009.

Ordførar Bjørgulv Sverdrup Lund er vald til nestleiar i same perioden.

STYRE

Representantskapet har valt styret med funksjonstid 2008 til 2011:

Ordførar Kay A. Jeiskelid er vald til styreleiar for 2008/2009.

Ordførar Bjørn A. Ropstad er vald til nestleiar for same perioden.

ETTER VALET 2008 ER DESSE STYRE:

Bykle kommune:

Ordførar Kay A. Jeiskelid

Varaordførar Anne Ellen Senum

Valle kommune:

Ordførar Bjørgulv Sverdrup Lund

Formannskapsmedlem Olav K. Hovet

Bygland kommune:

Ordførar Knut A. Austad

Varaordførar Eli Tomine Moe

Evje og Hornnes kommune:

Ordførar Bjørn A. Ropstad

Varaordførar Nils G. Østerhus

OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT:

Aust-Agder fylkeskommune:

Fylkesordførar Laila Øygarden

Fylkesrådmann Arild Eielsen

Rådmennene i dei samarbeidande kommunane:

Tallak Hoslemo – Bykle

Arne Tronsen – Valle

Andreas Vebostad – Bygland

Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

Dagleg leiar, Setesdal regionråd:

Signe Sollien Haugå

Møtesekretær:

Gunn Marith Nygård – Valle kommune, 1. halvår

Ingunn Kile frå og med oktober 2008

REPRESENTANTSKAP I IKS

Styret i regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i dalen*:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS
- Setesdalsmuseet IKS /
Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS

* *Bygland kommune har oppnemnt andre representantar til nokre av selskapa.*

RÅDMANNSGRUPPA

Rådmennene har uformelle samtalar om aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker.

Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem dei, t.d. oppfølging av IKS-saker. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til krevjande saksfelt. Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt ved at ein fordeler saker og førebur drøftingar internt ut frå den særlege kompetansen den einskilde har innanfor ulike fagområde.

KONTAKTORGAN

Kontaktorganet er samansett av dei næringsansvarlege i samarbeidskommunane. Dei er representerte gjennom tiltaksmedarbeidar i Byglund kommune, tiltaksmedarbeidar i Valle kommune, representant for Evje utvikling AS og tilsvarande Bykle Hovden vekst AS. Kontaktorganet har og representantar for Innovasjon Norge, landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Aust-Agder, Aust-Agder fylkeskommune og NAV-etat. Desse er rådgjevarar for dagleg leiar i einskildsaker og i høve til utviklingsprosjekt. Kontaktorganet har ikkje vore i aktivitet i 2008. Men det har vore høgt aktivitetsnivå og tett og godt samarbeid mellom 1. lina - regionråd og regionalt tiltaksapparat – både i einskildsaker og i høve til satsingar og kontakt med særskilde målgrupper og bransjar i året.

BEDRIFTSGRUPPA

Bedriftsgruppa saman med styret i Setesdal regionråd utgjer eit partnarskap som har disponert kompensasjonsordninga for differensiert arbeids-gjevaravgift.

Bedriftsgruppa er samansett av dei daglege leiarane av dei 5 største verksemdene i dalen.

Bedriftsgruppa har desse representantane:

- Rune Skibsrud – Skibspplast, *leiar*
- Ole P. Bruun – tidlegare Hovden Høyfjellshotell
- Terje Greibesland – Setesdal Bilruter
- Steinar Nomeland – Nomeland Anlegg
- Per Birkeland – Byglandsfjord sag

ADMINISTRASJON – TILSETTE OG FASTE ENGASJEMENT

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling. Prosjektleiar Ingunn Kile er tilsett i 3-årig prosjekt frå og med oktober 2008. Ho har for tida redusert stilling til 80 %.

Vertskommunen yter mykje god hjelp gjennom tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbordtenester, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester. Tenesteavtala galdt også møtesekretær fram til eigen prosjektleiar vart tilsett.

Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for regionrådet.

REPRESENTASJON, OPPNEMNINGAR, UTSENDINGAR O.A. 2008:

- Agderrådet – ordførar Kay A Jeiskelid
- Bedre Stamvei på Sørlandet – styreleiar Kay A. Jeiskelid
- Evje Utvikling – dagleg leiar er observatør i styret
- Høgskulenoden – dagleg leiar er representant i styringsgruppa (til avvikling)
- K 14 – kommunesamarbeidet mellom 14 kommunar i Indre Agder – styreleiar sit i styringsgruppa og dagleg leiar yter sekretariatstenester
- Vassdragsstyret for Nedre Otra – Knut A. Austad er observatør
- Forvaltingsplan for Otra / Vassdirektivet – ordførarane er representantar til arbeidsutvalet
- NAV-Setesdal – rådmennene er styringsgruppe og representantar i Partnerskapsstyret.
- OSS-utvalet – kommunelege Michael Vester er avløyst av rådmann Jens A. Johannessen
- OSS – arbeidsgrupper – PLO-sjef Hallstein Homdrum, Evje og Hornnes, og PLO-sjef Unn Merete Nordby, Valle
- OSS – arbeidsutval – konsulent Wenche Tangene (Tangene consult AS)
- Regionplan Agder – administrative representantar til 5 temagrupper frå kommunane i Setesdal
- Krypsivprosjektet – ordførar Bjørgulv Sverdrup Lund, 1. vara Knut A. Austad, 2. vara Kay A Jeiskelid



6

AKTUELLE SAKER ANNO 2008

INFRASTRUKTUR – OM Å BINDE OG BYGGJE SAMAN!**Riksveg 9 – ny nasjonal transportplan**

Utkastet til ny nasjonal transportplan (NTP) kom 17. januar 2008 og varsla stopp i utbygginga etter at strekninga Tveit-Langeid var fullført. Grunngevinga var den bompenggeordninga som no gjeld. Fylkesrådmannen peika på at potensialet for bompengar kunne aukast med utvida bompengeperiode og tovegs innkrevjing i sør. Styret i regionrådet la vekt på at heile utbygginga var i ein kritisk fase og oppmoda Bygland kommune til å vurdere å utvide bompenggeinnkrevjinga i sør, og opne for tovegs innkrevjing der. Det var det ikkje lokalpolitisk vilje til. Som følgje av dette slo Statsbudsjettet (St.prp. 1, 2007-08) fast at ein fekk drøfte ei eventuell vidare utbygging i NTP 2010-2019.

Gjennom året har det vore arbeidd mykje politisk og administrativt for å få aksept att for at Rv 9 måtte sikrast midlar til vidare utbygging i førande dokument. Ikkje minst viktig var tyngda i vedtaket om konsesjonskraftmidlar som alternativ eller supplement til lokal finansiering på grunn av dårleg bompenggegrunnlag.

I høyringsuttalen til NTP tok ein og til orde for å vurdere ny Stortingsproposisjon, og opna for å merke til auka lokal delfinansiering for å sikre den utbygginga som stod att. Ein slutta seg til hovudpunkta i NTP og var samstemt med Stamvegaksjonen på Sørlandet om å fokusere på dei same prosjekta, E18 – E39 - Rv 9. Regionrådet sa seg difor nøgd med å ha fått brei omtale av Rv 9 inn i NTP.

Ein har og fått synleggjort kor viktig løyvingane frå Bedriftsgruppa (kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift og kommunebidrag) er når det gjeld å sikre kontinuitet og få i gang parsellvis utbygging. Ikkje minst gjeld det planreserve for strekninga Tveit-Langeid. Dette var truleg avgjerande då Rv 9 fekk viktige løyvingar alt i «Krisepakka» tidleg i 2009, med opning for oppfølging i NTP.

I revidert statsbudsjett og eit endeleg utkast til NTP vart utbygginga Tveit-Langeid sikra, og konsesjonskraftavtalen kan bli utløysande for å sikre vidare og samla utbygging.

Regionrådet har hatt godt samarbeid med lokale og regionale deltakarar i påverknadsarbeidet. Det er og grunn til trekkje fram både fylkesordføraren og å rose Irene Johansen, stortingsrepresentant for Ap og sentral medlem i transport- og kommunikasjonskomiteen, for måten dei har følgd opp Setesdal og Rv 9 i 2008.

Arbeidet framover vil bli å sikre at opningar og signal som har kome om Rv 9 blir konkretiserte til formelle lovnader og øyremerkte pengar frå staten slik at vi kan få gul midtstripe innan 2018!



Den 8. september 2008 var det opning av parsellen Ose nord – Tveit. Fylkesordførar Laila Øygarden stod for snorklippinga med god hjelp av styreleiar i Setesdal regionråd, Kay Jeiskelid, og ordførar i Bygland, Knut A. Austad.

IKT-plan under arbeid

Det vart sett i gang eit forprosjekt for å kartleggje og vurdere alternative samarbeidsmodellar for IKT mellom kommunane i Setesdal, og for å formalisere eit samarbeid som alt var godt etablert. Det vart peika ut ei administrativ prosjektgruppe til å greie ut dette. Kjell Pedersen-Rise i Bykle Hovden Vekst vart peika ut til prosjektleiar. Forprosjektet vil bli lagt fram for styret i regionrådet og kommunane i 2009.

Komtek – på plass!

Knut Erik Paulsen i Bykle kommune har hatt prosjektleiing og koordinert innføring av Komtek-systemet i kommunane og IKS-verksemdene. Systemet gjer at ein kommuniserer mellom ulike register som GAB og kartopplysningar for å føgje opp abonnentar av ulike tenester (feiing, renovasjon osv.) og fakturering mellom anna.



Positiv merksemd for Knut Erik Paulsen og kollegaer i bransjetreff og -skriv som «InfoLine» 02/08.

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE – SAMHANDLING SETESDAL

Konsesjonskraftavtalen

Avtalen vart sluttforhandla 28.08.2008 mellom fylkeskommunen og Bykle, Valle og Bygland kommunar og resulterte i monalege ressursar kanalisert til regionen dei næraste 10 åra. Rådmann i Bykle, Tallak Hoslemo, førebudde saka administrativt for kommunane. Fylkesting og kommunestyre slutta seg til avtala som m.a. førde med seg 10* 10 millionar til Rv 9 og tilsvarende 10* 4 millionar til Setesdal regionråd. Til saman 140 millionar dei neste ti åra vil gje høve til nye offensive samarbeidstiltak og god veg! Dette forsterkar og trongen for ein felles utviklingsplan og strategiske styrings-dokument for disponeringar dei neste åra. Arbeidet vil bli teke opp att i 2009.

Regionplan Agder

Fylkeskommunane i Aust-Agder og Vest-Agder tok initiativ til arbeid med utforming av felles fylkesplan. Regionrådet streka under at ein særleg var oppteken av arealforvaltning og at naturressursane truleg vil vere dei viktigaste utviklingsfaktorane i distriktet. Lokalt handlingsrom måtte setjast i fokus. Ein etterlyste og merksemd retta mot utfordringane for Agder i høve til andre regionar og omverda. Vidare peika ein på dei særlege

utfordringane distrikts-Agder har når det gjeld folketalsutvikling. Ein tok til orde for ein eigen distriktspolitikk og bruk av verkemiddel i høve til regionalisering, gjerne med tilrettelegging av regionsenterutvikling osv.

Ein føreslo vidare at retta satsingar i FOU / UiA kunne ha ei rolle i samhandlginga mellom Agderbyen og mindre vekstkraftige delar av Agder. Setesdal vart trekt fram som eit viktig område i høve til regional identitet og kulturelle kapasitetar og særmerke. Av infrastrukturen vart Rv 9 peika på når det galdt samband med Kristiansand som intermodalt knutepunkt (hamn og flyplass), og som transportkorridor for strekninga Kristiansand-Haukeli-Bergen. Funksjonen som trafikkåre mellom kysten og rekreasjons-, hytte- og reiselivsområda i dalen vart og trekt fram.

Styret tok initiativ til meir aktiv oppfølging av planprosessen gjennom K14 for å få fokus på heile Agder og å skaffe underlag for å finne ut kva som kan vere med på å underbyggje og få fram lokal verdiskaping i innlandet.

Rådmannsgruppa oppnemnde representantar frå Setesdal til 5 ulike arbeidsgrupper:

- Levekår – Elise Marie Kringen, Valle kommune
- Kompetanse – Dag Haugland, Evje og Hornnes kommune
- Kultur – Inger Lise Grønsand, Bykle kommune – avløyst av Kjell Hansen, Evje Hornnes kommune
- Kommunikasjon – Kjell Pedersen Rise, Bykle kommune
- Regional samhandlging og profilering – Signe Sollien Haugå, Setesdal regionråd

Fylkesplanen sitt handlingsprogram 2009

Styret kom med fleire framlegg til fylkeskommunens handlingsprogram for 2009 – mellom dei fremste tiltaka ein ønskte oppfølging i høve til Setesdal var:

1. Riksveg 9 – konseptutvikling – vidare utbygging og finansiering
2. Fylkesdelplan – fleirbruksplan for Otra
3. Fylkesdelplan – distriktsmedisin, pleie og omsorg i Setesdalsregionen
4. Regional reiselivskoordinator
5. Landbruksløft Setesdal 2009
6. Strategisk næringsplan med verktøykasse (verkemiddel)
7. Setesdal næringshage

AREAL- OG RESSURSFORVALTING

Regionrådet har lagt vekt på å ta del i den regionale samfunnsdebatten gjennom å kome med innspel til viktige høyringar og dokument.

Vassdirektivet frå EU – forvaltingsplan for Otra, vassregion sør-vest

Fylkesmannen i Vest-Agder har fått prosjektansvar for utarbeiding av forvaltingsplan for Otra ut frå vassdirektivet frå EU. Direktivet er nedfelt i norsk føresegn datert 15.12.06.

Styret i regionrådet uttrykte positiv vilje i høve til intensjonane om heilskapleg gjennomgang av vassdraget. Men ein sa seg lei for at arbeidet var avgrensa til fysisk og kjemisk vasskvalitet og negativ påverknad frå verksemd i nedslagsfeltet. I høyringsuttalen til planprogrammet tok ein opp trong for avklåring av ei rad prinsipielle tilhøve. Det gjekk ut på særlovsproblematikk i høve til framtidig arealforvaltning i nedslagsfeltet (bruk og vern) og implementering av brukarperspektiv og andre «positive» verdiar (friluftsliv o.a.) knytt til vasstrengen. Her kom også inn den formelle statusen til ulike sektorinteresser, og ikkje minst kor sterk føring sluttokumentet vil ha på framtidig kommuneplanlegging. Regionrådet stilte også spørsmål kring habilitet i samansetnad av styringsgruppe, prosess, representasjon, og ikkje minst kva økonomiske ressursar ein kunne rekne med til eventuell oppfølging av tiltak. Fylkesmannen og styringsgruppa tok ingen av momenta til følge. På grunn av dette har ein ikkje prioritert oppfølging av prosjektet etter dette, utover at ein har gitt uttrykk for ønske om ein fleirbruksplan i regi av fylkeskommunen med fullverdig planprosess etter plan- og bygningslova.

Krypsivprosjektet på Sørlandet

Styret i regionrådet oppnemnde Bjørgulv Sverdrup Lund for perioden 2008-2011, med Knut A. Austad som 1. vara og Kay A. Jeiskelid som 2. vara. Krypsivprosjektet set i verk tiltak ut frå faglege vurderingar med skjønnsutøving og prioritering mellom desse. Ikkje minst tek utvalet initiativ til FOU-utgreiingar om viktige tema.

Vassdragsstyret for Øvre Otra – tiltaksprogram

Styret rosa at planen var handlingsorientert med omsyn til utfordringar som krypsiv og ørekyte. Samstundes oppmoda ein vassdragsstyret til å utvikle rolla si breiare ut frå føremålsparagrafen som gjeld samarbeid, fleirbruk og berekraftig vassdragsforvaltning, og å definere rolle og oppgåver som speglar dette i neste generasjonsplan. Sekretariatet til Vassdragsstyret har stor kompetanse. I uttala tok ein og til orde for at det i framtida vil vere naturleg å sjå føre seg at sekretariatet kan stå til teneste for kommunane og bli viktig samarbeidsaktør for miljøomsyn i plan- og utbyggingssaker. Sekretariatet vil også kunne vere viktig som kunnskapskjelde og i vilkårsutforming når det gjeld drøfting av tiltak for å redusere skadene ved inngrep som verkar på vassdrag osv.

Fylkesdelplan Setesdal vesthei – austhei – Ryfylkeheiane

Styret oppmoda Aust-Agder fylkeskommune til å ta prosjektansvar ut frå samla areal med villreinområde. Ein kom og med framlegg om at ein av setesdalskommunane kunne vere vertskommune og huse prosjektleiar slik at ein sikra lokal deltaking og nærleik og fekk dra nytte av samla kart- og planmiljø.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID – HELSE I FOKUS

NAV Setesdal

Setesdalskommunane har sidan 2007 lagt mykje innsats i forming av lokal modell for etablering av NAV-kontor. Styret i regionrådet inviterte Iveland til å vere med i NAV Setesdal som var under etablering. Rådmennene gjekk inn som styringsgruppe. I etableringsfasen var formalisering av samarbeidet og utvikling av partnerskapsavtale med NAV stat, fordelingsnøklar osv., sentrale tema. Som partnerskapsstyre vart styringsgruppa oppnemnd saman med Hilde Høyenes og Svein Jordal frå NAV stat. NAV Setesdal vart etablert med ein felles leiar og lokalt NAV-kontor i kvar kommune. Leiaren vart plassert ved kontoret på Evje. NAV Setesdal femnde om tenester som økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, individuell plan, rus, flyktningteneste og bustad i alle kommunane. Utover dette la nokre kommunar andre funksjonar til lokale kontor. Barnevern vart halde utanom hjå alle.

Kommunane engasjerte Wenche Tangene i Tangene Consult som rådgjevar i prosessen. Styret rettar ein stor takk til rådmennene som har lagt mykje tid og kraft i å finne konstruktive løysingar og å etablere kontora lokalt. Jens Arild Johannessen har koordinert styringsgruppa.



Leiar for NAV-Setesdal Leif Folke Pettersson – opning av NAV Setesdal, Evje.

Helsedialog – overordna strategisk samarbeidsutval (OSS)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane, KS og Sørlandet sjukehus SF. I medhald av overordna samarbeidsavtale mellom dei 30 kommunane i Agder og sjukehuset er det sett i gang eit arbeid for å utvikle rutinar og konkret samhandling. Prosjektet skal leggje til rette for tenleg og formalisert samarbeid mellom kommunane og sjukehuset. Det gjeld utvikling av utskrivingsrutinar og meir strategisk utvikling av samhandling, kompetanse, kapasitet og samarbeid mellom partane.

Sjukehusdirektør Jan Roger Olsen leiar OSS-utvalet. Frå Setesdal har kommunelækjaren i Evje og Hornnes, Michael Vester, vore representant i OSS-utvalet i 2008. Hallstein Homdrum, PLO-sjef i same kommunen, har vore i arbeidsgruppa for utskrivingsrutinar, og Unn Merete Nordby, PLO-sjef i Valle kommune, har delteke i gruppa for alderspsykiatri. Mot årsskiftet tok Jens Arild Johannessen, rådmann i Evje og Hornnes, over som representant i OSS etter Vester. Etter kvart vart Wenche Tangene engasjert til å hjelpe dei lokale representantane for å sikre forankring og innspel frå dei ulike kommunane. Ho vart og representant frå regionen i arbeidsutvalet som førebur saker til OSS gjennom arbeidsutvalet i OSS.

Setesdal markerte seg etter kvart som drivkraft frå kommunesida, og baud seg til på vegner av K14-kommunane å involvere seg tilsvarande for å målbera distriktskommune-

utfordringar i desse fora. Helseseminaret på Revsnæs 11. november 2008 med mellom anna statssekretær Kari Henriksen og ressurspersonar i helse-Noreg understreka kor viktig det er at kommunane er med på å forme helsestell og ansvarsplassering for morgondagen.

Samarbeidet i Setesdal peika ut fleire område der ein ønskte å vere pilot i høve til utvikling og utprøving. Styret i regionrådet tok til orde for eit banebrytande arbeid innanfor helse, der ein gjerne ser at det blir lagt grunnlag for ein regional helseplan for Setesdal. Styret har bede om konkretisering av ideen i form av ei prosjektskisse.

Distriktskykiatrisk avdeling Byglandsfjord – Sørlandet sjukehus SF

I 2008 vart det føreslege å redusere kostnader m.a. ved å leggje ned DPS Byglandsfjord. Knut A. Austad, fylkesordførar Laila Øygarden og styret i regionrådet tok til orde for å oppretthalde avdelinga, noko som og vart utfallet for 2009.

KOMPETANSEUTVIKLING - PROSJEKT – MEDVERKNAD

Aust-Agder utviklings- og kompetansefond

Det vart etablert dialog mellom regionråda i Lister, Lindesnes og Setesdal. Saman med Aust-Agder utviklings- og kompetansefond og Sørlandets kompetansefond drøfta ein korleis ein i samarbeid kan skaffe pengar til distriktsvenlege studiar, relevant FOU til aktuelle næringar og verksemdar i distrikta osv. Frå AAUK søkte ein og fekk løyving til forprosjekt og utvikling av desentralisert sjukepleiarutdanning, i tillegg til oppstart av lærarutdanning i 2008. Lærarutdanninga vart lyst ut, men kom ikkje i gang på grunn av for få søkjarar. Forprosjekt for sjukepleiarutdanning utgjer grunnlag for utlysing i 2009.

Ungdomens kompetansehus

Prosjektet var eit nasjonalt pilotprosjekt som Iveland tok initiativet til. Grunnidé og ambisjon var å kople undervisning og næringsliv og det skulle føre med seg nytenking og samhandling. Rekruttering og medvit kring yrkesval ut frå lokalt næringsliv og etterspurnad av kompetanse stod sentralt. Prosjektet vart fullfinansiert m.a. gjennom lovnad om årleg støtnad på kr. 100.000,- frå regionrådet dei neste 5 åra. Ein føresette at

prosjektet skulle ha heile dalen som verkeområde og at det måtte vere budd på å setje i verk andre relaterte prosjekt og initiativ, slik som det nye faget «Fritt utdanningsval». Ved årsskiftet var det usikkert om prosjektet ville bli sett i gang.

Høgskulenoden

Høgskulenoden har vore eit prosjekt der ein har arbeidd for å etablere desentraliserte høgskuletilbod i Setesdal. Styringsgruppa var samansett av representantar frå Evje utvikling, Aust-Agder fylkeskommune, Universitetet i Agder og Setesdal regionråd. Det var tilsett prosjektleiar. Høgskulenoden arbeidde i hovudsak med etablering av lærarutdanning (tenkt oppstart 2008) og opplegg for sjukepleiarutdanning med tenkt oppstart 2009. Det var ikkje studiar i regi av noden i 2008. Strategi-prosessen som skulle definere eventuell vidare drift og forankring kom ikkje i hamn. Prosjektet vart avvikla. Vidare arbeid med prosjekt som var under arbeid vart lagt til Setesdal regionråd.

Bachelorgrad i smykkedesign

Sølvsmedfaget og –næringane står tradisjonelt sterkt i Setesdal. Studiet kan vere med på å styrkje og vidareutvikle faget, itillegg til å skape internasjonal merksemd. Det kan også gje fagleg utvikling tovegs mellom studentar og lokalt fagmiljø. Styret fann tiltaket verdfullt og lova 150.000 for 1. studieår, og signaliserte velvilje til å vidareføre tilsvarande løyvingar dei neste åra i prosjektperioden.

INTERKOMMUNALE VERKSEMDER – UTVIKLINGSARBEID OG DIALOG

Styrekurs – eigarstyring IKS

Etter valet i 2007 fekk rådmennene i oppdrag å vere valkomite og finne administrative representantar til ulike IKS-styre. Nye representantar vart oppnemnde gjennom kommunestyra. For å hjelpe til med å profesjonalisere eigarstyringa og styrerepresentantane vart det sett i gang styrekurs for dei nye IKS-styra. Kompetanse fabrikk stod for gjennomføring av styrekurs felles for alle IKS-verksemdene. I tillegg deltok daglege leiarar og representantskapet til IKS-verksemdene i delar av kurset. Kurset vart halde i Bykle 21-22. mai 2008.

Setpro

Styret og rådmennene har hatt ein tett dialog med verksemda for å tryggje framtida og gå gjennom finansiering og utrekning v.s. eigarane. Styret sette vilkår for støtnad til innføring av kvalitetssikringsverktøyet Equass i 2007. Det vart følgd av løyving i 2008.

Setesdal miljø- og gjenvinning

Styret og rådmannsutvalet har arbeidd mykje for å finne ein omforeina og god måte å handtere auka låneramme og inngang i Returkraft via kommunane og SMG.

Lønsutvikling – dagleg leing – IKS

Etter å ha kartlagt lønsnivå, sendte styret ei oppmoding til IKS-styra om lønsutvikling og deflator som utgangspunkt framover. Det vart lagt vekt på å fastsetje ein lønspolitikk som sikrar rekruttering, og som ein elles ser seg tent med.

Barnevernssamarbeid Setesdal

Aud Keila Kjær var engasjert som prosjektleiar for å greie ut framlegg til etablering av samarbeid mellom kommunane. Prosjektet presenterte framlegg til drøfting med styret i 2 vendingar, og endeleg framlegg vart oversendt med tilråding frå styret i regionrådet om at kommunane slutta seg til eit samarbeid med Bygland som vertskommune. Samarbeidet skulle vere etablert innan 1.1. 2009. Samarbeidet stranda med at Evje og Hornnes ikkje fann å kunne gå inn på den modellen som var vald for lokalisering. Ein arbeider no med siktemål på eit tre-kommunesamarbeid mellom Bykle, Valle og Bygland i 2009.

K14 - SAMARBEID MED 14 KOMMUNAR I INDRE AGDER

K14 er eit uformelt samarbeidsforum mellom 14 kommunar i indre Agder.

K14 har hatt eit arbeidsutval med Tellef Olstad, ordførar i Åmli, som leiar og representant for Østre Agder. I tillegg sit styreleiar Kay Jeiskelid i arbeidsutvalet på vegner av Setesdalsregionen, saman med ordførar Thor Jørgen Tjørhom for Listerregionen, Oddmund Ljosland for Lindesnes og Ole Magne Omdal for Iveland. K14 vart formalisert med eigne vedtekter i 2008.

Setesdal regionråd fungerer som sekretariat for K14-samarbeidet.

I samarbeid med 14 Indre-Agder kommunar (K14) arbeidde vi fram ein høyringsuttale til Sørheimutvalet. Framlegget frå gruppa til nytt «småkommune»-tilskot og utrekningsmåte fekk gjennomslag nasjonalt i 2008 under namnet K14-modellen.

KULTUR OG EIGENART – BLEST OG POSITIV MERKSEMD!

Tøybleieordning – til dei yngste av dei unge!

Som ei vårleg symbolsak – ein gest for å syne satsing på born og unge og i samsvar med berekraftige og miljøvenlege handlingar – vedtok styret å gå inn for ei såkalla «tøybleieordning». Dvs at nyfødde setesdølar fekk tilbod om startpakke med tøybleier til redusert pris. Tiltaket vart etablert i samarbeid med Bleieboden i Valle.



Tina Høgevoid har etablert nettbutikken «Bleieboden». Under kåringa av årets kvinnelege gründer o8 i Agder fekk ho prisen som «Folkets favoritt».

Folkemusikkprosjektet

Eit forprosjekt konstaterte at folkemusikken er viktig for identitet og samfunnsutvikling, og at han blir opplevd som ein positiv del av særpreget her. Utfordringa vart definert til å styrkje folkemusikkmiljøet slik at det blir ein meir kraftfull del og faktor for utvikling i Setesdal. Hovudprosjektet skal arbeide med rekruttering, synleggjering, samarbeid og auka aktivitetsnivå. Frå regionrådet var det og sendt oppmodingar om å sjå folkemusikken i eit verdiskapingsperspektiv, t.d. i høve til reiseliv, arrangement og omdømebygging.

I det ligg ei erkjenning av at ein har nokre få framifrå utøvarar. Det samla miljøet er marginalt og må dyrkast om det skal halde fram som levande kulturmiljø og -uttrykk mellom setesdølar flest. Det er også viktig for at nye generasjonar skal finne glede i å ta meg seg musikkarven over i framtida.

Prosjektet kom i gang i samarbeid mellom Setesdal spelemannslag, Bygland, Valle og Bykle kommunar, Aust-Agder fylkeskommune og Setesdal regionråd. Stilling som prosjektleiar vart lyst ut kring årsskiftet 2008-09. Torunn Charlotte Lund, kulturkonsulent i Valle, og prosjektansvarleg har følgd opp prosjektet administrativt medan ein har venta på tilsetjing av prosjektleiar.

«Cubaprojektet»- sykklar til Cuba

Prosjektet har to mål:

- Å gje cubanske born og unge høve til å drive leik og sport m.a. på sykkel. (og familiane deira miljøvenleg framkomstmiddel.)
- Å syne born og unge i Agder at verda er blitt så lita at dei sjølve kan gjere noko heilt konkret i kampen mot fattigdom. Gjennom tilbakemeldingar ønskjer aksjonen å lære dei gleda ved å dele med seg.

På sju år har aksjonen samla inn over 2500 sykklar i Setesdal. Dei har etablert fleirårig samarbeid med skular i Valle, Bykle, Fjellgardane og Byglandsfjord. Prosjektet har og fått mykje positiv medieomtale. I tråd med strategidokumentet vårt der visjonen er «Gjestfri for nye tankar», er dette prosjektet ein fin måte å ta del i globale utfordringar. Det gjev born og unge høve til sterkare medvit i høve til eigenart, særmerke og ulikskap mellom verdeldar og korleis ein kan ta del i dette med ståstad Setesdal. Dette var og grunngeving frå regionrådet for å stø aksjonen.

Colorline Setesdal Tour

Kristiansands Cykleklubb (KCK) tok initiativ til samarbeid med idrettslag, reiselivslag og regionrådet med sikte på å byggje opp sykkellaupet Kristiansand – Hovden og sykling i Setesdal. Gjennom samarbeidsavtale med KCK fekk ein namneendring og synleggjort Setesdal for ei viktig målgruppe som syklistar og sykkelturnisme kan bli for Setesdal.

Ein ser og konturar av auka fokus på sykkel som trend i reiselivsmarknaden i Noreg og Europa. I dag har vi eit sykkelruteprodukt som er alt for lite i medvitet hjå folk. Det er rom for å satse meir på sykkel både for bygdefolk og turistar. Arrangementet kan sikre at sykkel er på dagsorden. Ein ser og at eit samarbeid kan gje eigarskap til arrangement og inspirasjon til å leggje betre til rette for sykkel i dalen. Arrangementet genererer merksemd utover sykkeldagen som turistverksemdene kan og bør kunne skape nye tilbod og pakker ut frå. Ein reknar og med sideverknader som t.d. bedriftssykling. Ikkje minst er det viktig at KCK kan mykje om sykkel og kan hjelpe regionen. Klubben kan også vere kanal for å marknadsføre nye tilbod til målgruppa. Ein legg og vekt på at arrangementet har stor merksemd i dag og vilje til å vekse. Samarbeidet som KCK har med ColorLine er og positivt som fellesnemnar for reiselivet og reisemåla våre.

Kulturbaserte næringer:

ART-start, bokprosjekt og CD-utgjevingar

Gjennom året er det arbeidd ein del for å formidle aktuelle kandidatar til nye satsingar – som ArtStart i regi av Innovasjon Norge. Det er og handsama fleire søknader om stønad til natur- og kulturbaserte etableringar og tiltak. Ikkje minst er det gitt støtte til fleire profesjonelle utøvarar som er synlege kulturberarar utover landsdelen og gjerne utanfor landegrensene.



ArtStart - stipendier 2008. I alt 6 av 13 stipend delt ut i Agder gjekk til natur- og kulturbaserte etablerarar frå Setesdal.



Faksimile: Dagens Næringsliv, bilag.

Banner og reising av merkestein i Hirtshals

Styret godkjende plan om å setje i verk to viktige profileringstiltak i 2008. Frode Buen, Valle kommune, vart engasjert som prosjektleiar og la ned mykje innsats for å få tiltaka på plass før turistsesongen.

Det eine gjekk ut på setje opp master med banner langs riksveg 9 ved kommunedelsentra og viktige attraksjonar. Det andre galdt reising av merkestein ved terminalen til ColorLine i Hirtshals. Båe tiltaka fekk mykje positiv merksemd.



Avdukinga i Hirtshals fann stad 18.juni 08 – med inviterte gjester, kulturelt program og snor-samanbinding for å symbolisere bandet mellom Danmark og Noreg.





7

NÆRINGSUTVIKLING

Regionalt næringsfond

Sjå omtale under økonomikapittelet for informasjon om samla ramme, løyvingar osv.

Samhandling om saker

Kontaktorganet har som nemnt ikkje vore i aktivitet i 2008, som forum. Men det har vore eit høgt aktivitetsnivå og tett og godt samarbeid mellom 1. line (regionråd og regionalt tiltaksapparat) både i einskildsaker og i høve til satsingar og kontakt med særskilde målgrupper og bransjar i året. Det gjeld og temadrøftingar som gjeld ulike bransjar som reiseliv, landbruk, kulturbaserte næringer osv.

Konsolidering av 1. line – tiltaksapparat

Evje utvikling gjekk frå å vere omstillingsapparat til ordinært tiltaksapparat for Evje og Hornnes kommune. Unytta tilskot frå regionrådet på kr. 500.000,- i 2007 vart godkjent overført til bruk i den nye organisasjonen i 2008. Styret i regionrådet var samde om at kvar kommune måtte ha 1.line lokalt og at desse eventuelt kunne få operativt ansvar for prosjektgjennomføring etter avtale. Styret var og samde om at ein kunne sjå på utveksling og spesialisering ein periode, men at det regionale næringsfondet skulle disponerast av Setesdal regionråd også framover.

Setesdal næringshage

Gjennom året vart det lagt mykje arbeid i å vere med på å forme eit skreddarsydd opplegg for IKT og engineering. Opplegget skal vere eit tillegg til kommunane si 1. line i tiltaksarbeidet. Etablerarhjelpa og miljøet rundt Nettkroken har teke initiativet til og driv arbeidet framover. Prosjektet har drege inn Evje utvikling, Aust-Agder fylkeskommune og SIVA. Kring årsskiftet var ein mest i hamn med eit endeleg opplegg og finansiering av hovudprosjekt. Det blir truleg oppstart i 2009.



Styret ytte støtte til utvikling av publikumsarrangement i samarbeid med mange utstillarar og aktivitetar for å sjå om attraksjonen slik kan bli ein samlande motor i høve mindre aktørar og leverandørar. Det vart og gitt støtte til konseptutvikling med tanke på neste års sesong, med lansering av barne- og ungdomssatsingar ved Mineralparken.

8

DIFFERENSIERT ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Bedriftsgruppa i partnerskap med styret i regionrådet

Bedriftsgruppa saman med styret i Setesdal regionråd utgjør eit partnerskap som disponerer kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift i Setesdal og Iveland.

Det er sett i gang ymse tiltak innanfor infrastruktur som faktor for verdiskaping og felles-tiltak for heile dalen. Ordninga kan ikkje gå til bedriftsretta støtte.

Bedriftsgruppa har tett og godt samarbeid med Aust-Agder fylkeskommune ved Anne Torunn Hvideberg når det gjeld disponering og rapportering i høve til ordninga.

Dagleg leiar i regionrådet står for dagleg oppfølging og koordinering av tiltak og prosjekt. Laila Kiland, økonomiavdelinga i Valle kommune, syter for rekneskapsføring, rapporteringar, naudsynte slutttrapper og revisjonsoppfølging.

Setesdalskonferansen og andre prioriteringar og tiltak ved innspurten av ordninga

Hovden Vilt og Rakfiskfestival vart til under Setesdalskonferansen i 2007, og realisert i 2008. Denne festivalen kan stå som eit døme på effektar av å etablere møteplassar for næringslivet i dalen.

Bedriftsgruppa og styret godkjende at det kunne setjast i gang profileringstiltak med banner og merkestein i Hirtshals, vidareføring av IP-soneprosjektet og oppstart av kompetanse-tiltaket NEXT-leiarutvikling. Setesdalskonferansen 2008 vart utsett til 23-24. april 2009. Det vart og gitt klarsignal for deltaking på ei større reiselivsmesse i Stuttgart, CMT.

NEXT: Leiarar for små og mellomstore verksemder vart inviterte til å delta i eit utviklingsprogram innanfor leiding og utviklingsprogram i regi av Kompetanseringen Sør, CR Group og Universitetet i Agder. Connie Barthold ved Evje utvikling hadde operativt prosjektleiaransvar. Deltakarane var godt nøgde med opplegget.



Nokre av dei unge folkemusikkutøvarane våre som deltok på CMT -Stuttgart.

Økonomisk oversyn – status:

Partnerskapet hadde ei samla ramme på kr. 18.068.571,- til rådvelde då det vart sett i verk. Ordninga vart avvikla i 2006, rest av ramma kan disponerast innan utgangen av 2009.

- Pr. 31.12.2006 var 5.075.000 utbetalt. I 2007 vart kr 6.347.510,- utbetalt etter slutttrapper tar med tilhøyrande revisorgodkjenningar. (Løyvinga til utbygging av Rv 9 Ose nord – Tveit er fordelt over fleire rekneskapsår, og 4.902.000 + 3.098.000,- – til saman 8. millionar er no sluttubetalt)

Prosjekt som er slutførde og rapporterte i 2008:

- Kartlegging, oppgradering av telefon og IP-sone-etablering kr. 353.820
- Tilskot Rv 9, Bykjil – Mosdøl, sluttutbetaling kr 433.156
- Next leiarutvikling kr. 192.300
- Kompetanseheving små og mellomstore verksemder (SMB) kr. 201.922
- Bautastein Hovden, slutført med ljossjetting: kr. 85.975
- Bautastein og infopunkt. Hirtshals / Evje sør (uttak av stein) kr. 556.961

Oppføring av master og banner er eitt av dei større tiltaka som vil bli slutttrapper i 2009. Bautastein Evje sør må og kome opp og slutttrapperast saman med tiltaket i Hirtshals. Likeins vil Setesdalskonferansen som har gått over fleire år bli rapportert etter konferansen.

9

FOKUSOMRÅDE: REISELIV

SETESDALSGUIDEN – FELLES MARKNADSPLAN

Valle-Rysstad Reiselivslag, Hovden Ferie og Nedre Setesdal Reisetrafikklag oppdaterer og gir årleg ut katalog over alle medlemsverksemdene. Regionrådet gjev tilskot til utgjevinga og eventuelle andre fellestiltak med delfinansiering frå organisasjonane. Årleg er det avsett ei ramme på kr. 700.000 til reiselivstiltak.

SETESDALSKONFERANSE – REISELIV

Programkomiteen hadde program klart for gjennomføring av konferanse på Hovden i april 2008. På grunn av uro i fleire av reiselivsorganisasjonane, fann ein grunn til å avvente arrangementet.

TEMADAG REISELIV

Temadag Reiseliv vart arrangert 23. juni med styret, rådmenn, reiselivsrepresentantar frå regionalt nivå og organisasjonar. Ein vart samde om at det var ønskjeleg å få ein regional reiselivskoordinator på plass og at reiserute og vidare rolle og ansvarsdeling måtte avklårast nærare.

VISIT SØRLANDET – RAPPORTEN FRÅ SØRLANDSUTVALET

Fylkesrådmennene tok i juni 2007 initiativ til å greie ut eit forslag til optimal organisering og løysing av dei fellesoppgåvene reiselivet har på Sørlandet. Sørlandsutvalet var oppretta, med Gunnar E. Knudsen som leiar. Utvalet overleverte rapporten sin i mai 2008. Rapporten vart sendt ut på høyring i 4. kvartal 2008 med høyringsfrist 1. januar 09. Regionrådet slutta seg til hovudprinsippa som er føreslegne til ny organisering, rolledeling og ansvarsområde slik dei vart presenterte på temadagen i juni 2008. Utover det vart saka skuva ut til 2009 for å få høve til utdjupande drøfting og høyringsuttale.

I dei innleiande drøftingane var ein samd om at det vil vere viktig at Setesdal held fram med å vere godt synleg og at vi har tydeleg

profil og gode produkt i høve til dei viktigaste marknadene – anten dei er utanlands eller innanlands. Eit sentralt punkt vil vere korleis ein skal sikre tyngde og vere med som både tydeleg med tingingar og premissar i dei nye selskapa i framtida. Under føresetnad av ny landsdelsorganisering såg ein og at det er trong for gjennomgang av lokal organisering og plassering av oppgåveløysing for å gjere det mest mogleg effektivt. Arbeidet sette også fart i drøftingar som har gått føre seg i lang tid om arbeidsdeling mellom kommunane, vertskapsrolla og marknadsføring av verksemdar, samanslutningar og organisasjonar. Styret gjekk inn for framlegg frå Nedre Setesdal om at ein vil få på plass ein regional reiselivskoordinator og definere kva oppgåver vedkomande kan ta hand om for fellesskapet.

DS BJOREN AS

Regionrådet gav kr. 500.000,- til DS Bjoren AS i 2008 for å sikre vidare drift og konsolidere situasjonen. På den måten fekk verksemda ro til å setje meir fokus på utviklingsarbeid, forankring og tilbod om turar til reiselivet i heile dalen. Styret signaliserte og vilje til vidare stønad under føresetnad av evalueringa etter sesongen osb.

10

FOKUSOMRÅDE: LANDBRUK

I samband med nærings saker kom Bjørgulv Sverdrup Lund med framlegg om at regionrådet burde leggje vekt på landbruk som næring og fundament for busetnad. Ikkje minst viktig er landbruket når det gjeld å ta vare på kulturlandskapet.

TEMADAG LANDBRUK

Styret gjennomførde ein temadag om landbruk 18. august med brei deltaking frå lokal og regional forvaltning, organisasjonar osv. Det vart og definert viktige utfordringar å arbeide vidare med for å underbygge ei tydelegare satsing på landbruket i Setesdal.

SPELSAUDALEN – LANDBRUKETS DAG 2008

Regionrådet vart med på eit initiativ i høve å synleggjere spelsauen som symbolberar for sauehald, kulturlandskap og ikkje minst verdiskapingspotensial knytt til mat, handverk, kultur, opplevingar, identitet og reiseliv. Tiltaket vart til Spelsaudalen – ein samlingsstad på landbrukets dag med fotoutstilling, demonstrasjonar, servering, spelsau-quiz, klippekurransse, føredrag, gjetarhundoppvising og sal av ulike produkt innanfor husflid osv. Tiltaket vart gjennomført i samarbeid med næringsutøvarar, spelsaubønder og husflidshandverkarar, Bykle, Valle og Bygland kommunar – og i godt samarbeid med Fylkesmannen si landbruksavdeling i Aust-Agder.

STIFTINGA – NATURLIGVIS

Setesdal regionråd løyvde kr. 100.000,- til skipinga av ny organisasjon rundt landbrukets dag. Arrangementet vil frå 2009 bli vidareført under nemninga «Naturligvis».

SETESDALSKONFERANSE – TEMA LANDBRUK – «LANDBRUKSLØFT»

Regionrådet tok ansvar for å førebu tilskiping for næringsutøvarar med samling på Hovden i november 2008. Dette kom i stand som eit samarbeid mellom landbruksorganisasjonane, deltakarar frå Landbrukets dag og Spelsaudalen, landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen og kommunane i Setesdal. Tilskipinga kom som ei direkte oppfølging av ønsket styret hadde om å leggje vekt på næringa og framlegg frå dei. Samlinga resulterte i tre ulike prosjekt til oppfølging:

1. KU-gjengen:
Tiltak for å stimulere til å oppretthalde og helst auke storfe- og mjølkeproduksjonen i Setesdal.
2. Gama i garden!
Korleis auke innteningsevna på garden gjennom å bruke tilfang og eigen kulturhistorie og naturarv med garden som arena for opplevingar.
3. Over fjell og støyl
Utviklingsprosjekt om meir aktiv bruk av heimestøylane og utmarka som del av næringa.



11

BALANSEREKNESKAP

	REKNESKAP 2008	REKNESKAP 2007
EIGEDLAR		
A. ANLEGGSMIDLAR		
Utlån	1 070 907,03	1 394 075,01
Aksjar og andelar	446 121,00	445 725,00
Pensjonsmidlar	183 648,00	139 234,00
Sum anleggsmidlar	1 700 676,03	1 979 034,01
B. OMLØPSMIDLAR		
Kortsiktige fordringar	5 787 927,34	-9 717 374,18
Premieavvik	0,00	35 658,55
Kasse, postgiro, bankinnskot	6 538 579,88	8 490 168,75
Sum omløpsmidlar	12 326 507,22	18 243 201,48
Sum eigedelar	14 027 183,25	20 222 235,49
GJELD OG EIGENKAPITAL		
C. EIGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	-5 609 847,12	-4 040 134,91
Bundne driftsfond	-1 197 561,61	-4 883 080,10
Regnskapsmessig overskot	-84 865,81	-56 828,20
Regnskapsmessig underskot	396,00	0,00
Kapitalkonto	-1 472 206,24	-1 853 471,27
Sum eigenkapital	-8 364 084,78	-10 833 514,48
D. GJELD		
LANGSIKTIG GJELD		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Pensjonsforplikting	-228 469,76	-125 562,73
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
Sum langsiktig gjeld	-228 469,76	-125 562,73
KORTSIKTIG GJELD		
Anna kortsiktig gjeld	-5 425 160,23	-9 263 158,28
Premieavvik	-9 468,48	0,00
Sum kortsiktig gjeld	-5 434 628,71	-9 263 158,28
Sum gjeld	-5 663 098,47	-9 388 721,01
Sum eigenkapital og gjeld	-14 027 183,25	-20 222 235,49

NOTE – SPESIFIKASJON AV OVERFØRINGAR MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR	BELØP
Bykle kommune	-1 350 000
Valle kommune	-1 350 000
Valle kommune	129 397*
Bygland kommune	-1 325 000
Evje og Hornnes kommune	-1 325 000

* Gjeld husleige og andre fakturerte internkjøp med Valle kommune.

NOTE – EKSTERNE INNTEKTER	REKNESKAP 2008	BUDSJETT	REKNESKAP 2007
Salsinntekter	-1 300		-2 624
Refusjon frå staten	-92 510		0
Refusjon frå fylkeskommunen	-975 000*	-900 000	-745 000
Andre refusjonar	-554 447**	-50 000	-267 920
Totalt	-1 623 257	-950 000	-1 015 544

* Gjeld løyvinga til Regionalt næringsfond, kr 900.000 frå Aust-Agder fylkeskommune og uteståande løyving på kr. 75.000,- til forprosjekt desentralisert sjukepleiarutdanning frå Aust-Agder utdannings- og kompetansefond.

** Gjeld m.a. K14- innbetaling frå medlemskommunar til felles sekretariat i regionrådet og refusjonar frå kommunane i Setesdal og Iveland i samband med lokale prosessar og etablering av NAV-kontor.

NOTE – BEMANNING OG YTINGAR TIL LEDANDE PERSONAR	REKNESKAP 2008	REKNESKAP 2007	REKNESKAP 2006
Bemanning i årsverk	1,8	1	1,6
Løn dagleg leiar	524 726	485 000	485 000
Løn styreleiar	101 860	97 000	97 000
Godtgjering revisor:			
- revisjon	9 743	12 040	9 000
- bistand	4 712	6 728	696

12

DRIFTSREKNESKAP

	REKNESKAP 2008	REGULERT BUDSJETT	REKNESKAP 2007
DRIFTSREKNESKAP			
DRIFTSINNTEKTER			
Salsinntekter	-1 570,00	0,00	-2 624,00
Refusjonar	-7 849 736,09	-6 150 000,00	-7 962 654,49
Andre driftsinntekter	-551 536,48	-115 000,00	-53 068,41
Sum driftsinntekter B	-8 402 842,57	-6 265 000,00	-8 018 346,90
DRIFTSUTGIFTER			
Løn inkl. sosiale utgifter	1 008 313,13	880 000,00	760 157,20
Kjøp av varer og tenester	4 316 158,08	2 261 600,00	3 263 902,21
Overføringar	4 934 050,69	3 749 900,00	12 928 586,88
Andre driftsinntekter	551 536,48	0,00	53 068,41
Sum driftsutgifter C	10 810 058,38	6 891 500,00	17 005 714,70
Driftsresultat D=B-C	2 407 215,81	626 500,00	8 987 367,80
FINANSPOSTER			
Renteinntekter	-246 804,56	-120 000,00	-145 876,50
Renteutgifter	525,44	0,00	727,00
Utlån fra næringsfond	250 000,00	0,00	0,00
Mottekne avdrag på lån	-323 168,00	-506 500,00	-506 501,33
Ordinært resultat H	2 087 768,69	0,00	8 335 716,97
INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR			
Avsetningar	2 365 270,33	0,00	1 991 245,47
Bruk av tidligare avsetningar	-4 537 904,83	0,00	-10 383 790,64
Sum avsetningar J	-2 172 634,50	0,00	-8 392 545,17
Rekneskapsmessig resultat K=H+I+J	-84 865,81	0,00	-56 828,20
Rekneskapsmessig overskot	84 865,81	0,00	56 828,20

13

REVISJONSBERETNING

Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-Iveland -


Til
Styret i Setesdal Regionråd**REVISJONSBERETNING FOR 2008**

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd for regnskapsåret 2008, som viser et ordinært resultat på kr 2.087.768,69 og et regnskapsmessig resultat på kr 84.865,81. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet. Årsregnskapet består av driftsregnskap, kapitalregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter, noteopplysninger og pliktige budsjettopplysninger. Kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk i Norge, er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av samarbeidets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til kommuneloven og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god kommunal revisjonsskikk omfatter revisjon også en gjennomgåelse av samarbeidets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for samarbeidets økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk i Norge
- de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god kommunal regnskapsskikk i Norge
- opplysningene i styrets årsberetning om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Evje, 3. juni 2009
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS


Steinar Risinggård
Revisjonssjef

TELEFON
Risinggård 379 32 360
Nilsen 379 32 361
Pytten 379 32 362
Mobiltdf 916 31 468
Fax 379 32 365

E-POST
srisinggard@e-h.kommune.no
onilsen@e-h.kommune.no
tpytten@e-h.kommune.no

POSTADRESSE
Evjemoen
4735 EVJE

ORG.NR
976662652

BESØKSADRESSE
Evjemoen

BANKKONTONR
2901.11.01788

14

REGIONALT NÆRINGSFOND

Aust-Agder fylkeskommune gav i 2008 kr 900.000,- til regionalt næringsfond for Setesdal. Regionrådet pliktar å yte tilsvarende vel 60 % av dette, kr. 500.000,-. I tillegg vart det disponert ekstra midlar innanfor driftsramma med kr. 264.900. Disponert til saman 1.664.900,- i såkalla Regionalt næringsfond.

Ramma vart disponert i samsvar med fylkesplanens handlingsprogram, tilsegnsbrev og styringsmåla til regionrådet. Disponeringane vart gjorde delvis gjennom styrevedtak og delvis gjennom administrative vedtak frå dagleg leiar.

Desse verksemdene har motteke støtnad i 2008

Ose ullvare	30.000
Bygland varmesentral	68.000
Vetserve	62.500
Hovden vilt- og rakfiskfestival	52.000
Stulien CD	30.000
Mineralparken	50.000
Lasse Golf- Sportsutstyr, etablerar	43.250
G. Stubseid CD	25.000
Hannåsvollen gård	21.000
Glashytta – kronglas	95.000
Kyrvestad, gardsbutikk	45.000
Hanny Podt, etablerar	25.000
Sabine Bello, etablerar	19.000
Fjord Europe / Bertrand Marcussen	75.000
Innfisk Jon Løyland, produktutvikling	72.000
Hodne Gard – nisjeprod – forprosjekt	25.000
Sølvarden	200.000
Mjølkekvote	68.924
• Olav Lidtveit	6.752
• Olav J. Greibrokk	3.366
• Knut Johan Tveit	3.366
• Torhild Synnøve Homme	4.867
• Terje Birkeland	7.743
• Egil Åmlid	5.812
• Gunnar Olav Attestog	3.366
• Åse Ingebjørg Homme	7.222
• Tarald Myrum	20.080
• Steinar og Karin Kyrvestad	6.350
Setpro - Equass	107.000
Kjetså Design – etablering	50.000
Setesdal næringshage – forprosjekt	35.000
Hasla – merkevarebygging	20.000

Kompetansesenter innlandsfiske	20.000
Birgit Anette Helle, forstudie	29.150
Sølvgården, Horwath	50.000
Reklame Setesdal 2008 (Aftenp/Dag.nær.liv)	80.000
Hovden hud og velvære, Linda Haugen	30.000
Ose Turistheim, konseptutvikling	40.000
Fossekompaniet, Reiårsfossen, tekn.anl	21.000
LAGG – living easy – Hovden, etabl.tilskott	25.000
Destinasjon Setesdal – Battlefield-konseptutv.	22.000
Mineralparken – bokprosjekt og aktivitetsutv.	73.000
Scancon Inovation – forprosjekt matmerk – Bleke	25.000
SUM	1.633.824 *

* Rest – avsett til bunde fond: 31.076;

ANDRE LØYVINGAR

Kulturrelaterte arrangement og tiltak, ekstern marknadføring – løyvingar 2008

KCK – Colorline Setesdal Tour	100.000
CMT Stuttgart	50.000
Temaavis Setesdølen	75.000
Dagens Næringsliv / Aftenposten – redaksjonell omtale	80.000
Stiftelsen Landbrukets dag – Naturligvis	100.000
Nordiske Sommernetter	45.000
Folkemusikkprosjektet	150.000
DS Bjoren AS – driftsstøtte	500.000
Bok: Båtane på Byglandsfjorden	25.000
Hovslagervegen bofellesskap	8.500
Agder historielag, Bok: Folkeminne på Agder	25.000
Evje bowlingklubb, Evje Open	30.000
Setesdalsmuseet – kursstøtte – bygningsdok	10.000
SUM	1.198.500

Kompetanseutvikling

IKS styrekurs / eigarstyring	100.000
Høgskulenoden for Setesdal, driftstilskott 08-09	75.000
Høgskulenoden for Setesdal, tilleggsløyving	50.000
Forprosjekt desentralisert sjukepleiarutdanning, UiA *	75.000
SUM	300.000

* Tilsegn om 75.000,- frå Aust-Agder utviklings- og kompetansefond til dekking av forprosjektkost.



15

KONTORARBEID OG KAPASITET

NY MEDARBEIDAR

Regionrådet har hatt ei stilling, dagleg leiar. For å auke kapasiteten med prosjektarbeid og legge innsats i ei ønskt tilrettelegging for meir aktivt eigarskap i IKS, var det lyst ut ei prosjektstilling for 3 år. Til den nye medarbeidaren vart lagt Eigarsekretariat IKS, administrative kontorfunksjonar, heimesideansvar, prosjektoppfølgjing osv. Ingunn Kile vart tilsett i stillinga, frå og med 1. oktober i 80 % stilling.

KONTORSTAD – REGIONRÅDET

Styret vedtok å opprette avdelingskontor i kommunehuset i Bygland til den nye medarbeidaren og å oppretthalde Valle som vertskommune og kontorstad for dagleg leiar.

TENESTEAVTALE – VALLE KOMMUNE

Regionrådet har tenesteavtale for kjøp av sekretærtenester, arkiv, økonomi, IKT o.a. i Valle kommune. Laila Kiland ved økonomiavdelinga her har hatt tyngste børa med regionrådet i 2008, og teke hand om alt som har med rekneskapsføring og økonomioppfølging for rådet.

16

FRAMTIDSUTSIKTER – PRIORITERTE AKTIVITETAR

Økonomi

Styret ser optimistisk på samarbeid med 4 likeverdige partar i samarbeidet mellom kommunane. Styret vil arbeide for auka rammer til regional utvikling og næringsutvikling, gjennom Aust-Agder fylkeskommune og Fylkesmannen i Aust-Agder i form av skjønsmidlar.

Utvikling av nytt styringsdokument

Styret ser også fram til å vidareføre det gode samarbeidet med Aust-Agder fylkeskommune og formalisere samarbeidet i utviklingsplan for Setesdal, som vil vere eitt av gjeremåla som må halde fram i 2009. Ambisjonen vår er å bli konkret og få tiltak og resultat som let seg måle.

Samferdsle og infrastruktur

Riksveg 9 kjem til å vere det viktigaste infrastruktur-tiltaket i 2009 – både i høve til vidare utbygging, finansiering og planlegging vidare.

Næringsutvikling

Ein ser det som sentralt å få ein omforeina regional samarbeidsstruktur for tiltaksarbeidet koordinert gjennom Setesdal regionråd samstundes som kommunane vidareutviklar eige tiltaksapparat lokalt.

Nye strategiske satsingsområde

Året bør avklare om ein skal ta opp til drøfting om t.d. kompetanse og FOU er ein så viktig suksessfaktor og felles utfordring at ein bør ha det som satsingsområde på line med interkommunalt samarbeid, infrastruktur og næringsutvikling. Likeeins ser ein at det kan vere trong for ei tidsavgrensa fokusering av t.d. helse og utvikling av gode framtidretta modellar over kommunegrensene.

Arena for politisk verkstad – regionale og interkommunale drøftingar og samarbeid

Setesdal regionråd skal halde fram som politisk verkstad og arena for formelle og uformelle drøftingar av samfunnsrelaterte tema og utfordringar. Vi ser føre oss at regionrådet skal fungere som felles talerøyr der kommunane ser seg tente med det, t.d. ved utvikling av interkommunale løysingar og tiltak.

Risiko

Under føresetnad av at dei økonomiske rammeføresetnadene blir oppretthaldne og vi lykkast med å vidareutvikle eit sterkt fellesskap i regionen, er risikoen knytt til verksemda avgrensa.

HANDLINGSPROGRAM FOR 2009

Med tanke på at regionrådet kan rekne med monaleg auke i driftsrammene f.o.m 2010 er det grunn til å ta opp att arbeidet med utviklingsplan og greie ut kva ein kan og bør samhandle om framover.

Styret rår representantskapet til at desse tiltaka blir prioriterte som handlingsprogram for verksemda i 2009:

1. Riksveg 9
2. Regionanalyse, regionplan Setesdal – handlingsprogram
3. Utgreiing, strategisk næringsplan – styringsverktøy og verkemiddel med ordningar for framtida
4. Visit Setesdal, organisering av reiselivet i Setesdal i ljøs av visit Sørlandet
5. Eigarstyring, slutføring av handbok – rutineutvikling IKS og eigarkommunane
6. Kompetanseheving, utgreiing – strateginotat til politisk drøfting
7. Profilering og omdømebygging, Setesdal – folketalsutvikling og attraktivitet som bu- og arbeidsregion
8. Interkommunalt samarbeid, utgreiing av aktuelle tema, prosess og metode for framtidige samarbeid.
9. Helse, regionplan Setesdal

Takkehelsingar frå dagleg leiar

I tillegg til Ingunn Kile skal Laila Kiland ha ein særleg takk for uvurderleg arbeid – for mykje ekstrainsats og muntrasjon i ein travel kvardag! Det same skal Frode Buen ha for trufast dugnadsarbeid for fellestiltak innanfor reiselivet, som Setesdal.com / Hytteportalen og anna.

Takk og til andre som ein samarbeider kontinuerleg med og som hjelper regionrådet – i rådmannsgruppa, tiltaksapparatet, reiselivet, kultursektoren og regionnivået innanfor Vegstellet, Innovasjon Norge, Fylkeskommunen, andre regionråd og-samarbeid og IKS-verksemdene. For ikkje å gløyme Bedriftsgruppa! – og revisor Tommy Pytten.

Takk til alle! – Også til dei vi har hatt glede av å hente tenester frå gjennom året!

Signe Sollien Haugå

Signe Sollien Haugå

DAGLEG LEIAR



UTGJEVAR: Setesdal Regionråd

TEKST: Signe Sollien Haugå

DESIGN: Kjetså Design AS

FOTO: Marit Simonstad Kvaale. Ymse andre: s 12, 13, 15, 17 og 18

TRYKK: Setesdalstrykk AS



BYKLE
KOMMUNE



VALLE
KOMMUNE



BYGLAND
KOMMUNE



EVJE OG HORNNES
KOMMUNE

Setesdal Regionråd (SR) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Vi har tre hovudarbeidsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

Alt vi gjer er mynta på at det skal vere godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Vi er og opptekne av å ta vare på eigenarten her.

SETESDAL REGIONRÅD



Setesdal Regionråd
Kommunehuset, N-4747 Valle
Telefon sentralbord: 37 93 75 00
E-post: post@setesdal.no
www.setesdal.no